

## “Lærelyst og leseglede i skulebiblioteket”

### Erfaringskonferanse på Universitetet i Agder 5. juni

Elleve prosjektskular i Program for skulebibliotekutvikling har status som ressurskular dette skuleåret. Ressursskulane har fått støtte frå programmet over to år, og har spissa og vidareutvikla utviklingsprosjekta sine. På kvar sin måte fungerer dei som modellar på pedagogisk bruk av bibliotek. Den 5. juni vil ressurskulane dele erfaringar og idear dei har samla i prosjektperioden.

Dosent Kåre Kverndokken frå Høgskolen i Vestfold vil halde foredraget ”101 måter å lese leksa på – om lesing, lesebestillinger og tekstvalg”. Kverndokken har skrive ei rekkje lærebøker om leseopplæring. Han er oppteken av å vise korleis ein variert og gjennomførleg lesemetodikk kan forankrast fagleg.

Konferansen er ein dagskonferanse, og påmeldingsavgifta er kr 300.

Programmet, påmeldingsskjema og meir informasjon om konferansen ligg på nettstaden til Program for skulebibliotekutvikling [www.skolebibliotek.uia.no](http://www.skolebibliotek.uia.no). Her finn de òg presentasjonar av utviklingsprosjekta i Program for skulebibliotekutvikling.

Under konferansen vil ressurskulane ha utstillingar som konkret syner kva den enkelte skule driv med, og det vil vere høve til å få meir informasjon om prosjekta.

Vel møtt til konferanse i Kristiansand den 5. juni 2012!

Beste helsing

Siri Ingvaldsen  
Fagleg leiar  
e-post: [siri.ingvaldsen@uia.no](mailto:siri.ingvaldsen@uia.no)  
tel 38 14 20 16

Anne Kari Slettan  
Prosjektkoordinator  
e-post: [anne.k.slettan@uia.no](mailto:anne.k.slettan@uia.no)  
tel 38 14 11 75

Inger Berg Wilhelmsen  
Nettredaktør  
e-post: [inger.e.wilhelmsen@uia.no](mailto:inger.e.wilhelmsen@uia.no)